



Statens vegvesen

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
18/139663-6

Dykkar referanse:
18/1461

Vår dato:
30.10.2018

Merknad til offentlig ettersyn av reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal – Meland kommune

Vi viser til brev datert 17.09.2018 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal i Meland kommune. Merknadsfrist er sett til 31.10.2018.

Formålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bygging av nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal, og omlegging av Håtuftvegen i samband med framføring av VA-leidningar.

Tidlegare avklaringar

Statens vegvesen har hatt skisse for kryssområdet mellom Håtuftvegen og fv. 246 Melandsvegen til gjennomsyn undervegs i planarbeidet, og har akseptert forslag til sikt og kryssavgrensing. Vegtekniske teikningar som visar horisontalgeometrien har ikkje vore til gjennomsyn tidlegare.

Plan og profil-teikning, C001, visar at Håtuftvegen har fall fram mot kryss med fv. 245 Melandsvegen. Vi viser til kapittel E.1.1.1 Linjeføring i handbok N100, figur E.3, som viser krav til vertikal linjeføring i kryssområder. Veglinja for Håtuftvegen er ikkje i samsvar med desse krava, og det må gjerast ein justering før byggeplan vert lagt fram for godkjenning. Dette kan tilpassast innanfor regulert samferdsleformål.

Gjennomføringsavtale

Endringane i kryssområdet mellom Håtuftvegen og fv. 246 Melandsvegen er så omfattande at det er trong for gjennomføringsavtale mellom Statens vegvesen og tiltakshavar. Vi ber difor om at føresegn 2.1, andre ledd, vert endra til at både gjennomføringsavtale og byggeplan skal vere godkjent av Statens vegvesen før igangsettingsløyve kan gis.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Trafikktryggleik langs kommunal veg

Statens vegvesen er positiv til at den kommunale vegen vert lagt utanom gardstun.

Ut frå teikning D001 ser vi at avkøyrslø 61000 har fall ut i vegen. Vi viser til kapittel E.1.4.1 i handbok N100, om geometrisk utforming av avkøyrslø. Vi anbefaler at krava til vertikal linjeføring i figur E.25 vert lagt til grunn for utforming av avkøyrslø, minimum i lengda til dimensjonerande køyretøy. Dette er mellom anna for å hindre at bilar skli ut i vegen om vinteren, og at vatnet renn ut i vegen. Vi anbefaler difor at dette vert endra.

Anna

På teikningsheftet har ein teke med logoen til Statens vegvesen. Vi ber om at denne vert fjerna, ettersom Statens vegvesen ikkje er forslagsstiller for reguleringsplanen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringenør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.